

veka



Harde frontar på Facebook

VOSS: Det har skapt kraftige reaksjonar at rektorane på skulane på Voss droppar skulegudstenesta før jol. Debattsidene i Hordaland, og kommentarfeltet på Hordaland sine Facebook-sider er fylte med meiningar om valet til skuleleiarane. Me har saks nokre yttringar frå sosiale media, frå ein av dei heftigaste debattane på Voss siste åra.

– Latterlig at det her er blitt til ein så stor sak. Om foreldra til enkelte born vil at dei skal gå i kyrkja, så ta dei med i kyrkja då! Kvifor skal dette vere skulen sitt ansvar? Tull.

INGRID EIKELAND

– For å presisere så er julegudstjenester gudstjenester kirken arrangerer i forbindelse med jula. Skolegudstjeneste er spesielt satt opp for skolene. Det er ikke snakk om å slutte med julegudstjenester men skolegudstjenester.

INGER WAAGE

– Pussig at Erna og Høgre er så opptekne av «historisk grunnlag». Vi hørde ikkje mykje om det då søndagshandel var tema. Og er ikkje desse folka også svært opptekne av å nytta ord som «innovasjon og Nyskaping». Begge to, ord som kjenneteiknar aktivitet utan historie. Ja, kan ein ikkje kort og godt sei at politikk i stor grad handlar om å finna nye løysingar, til erstatning for dei gamle, dei historiske. Var dei gamle løysingane gode nok, trengde ein ikkje politikarar.

GUNNAR LØKKEBØ

Dere må slutte å bruke argumentet «det har de ikke vondt av» som argument for hva vi vil elevene skal ta del i på skolen eller ikke. Det er ikke skadeomfanget som er problemet med skolegudstjenestene.

ANNE JORDALEN

– Først var det dei økonomiske rammene som ikkje tillet at det vart arrangert ei julegudsteneste for elevane i fylgje rektorane. Ei slik tynn begrunning får rektorane dra lenger ut på landet med. Kommunepolitikarane på Voss får ta tilbake styringa og fortelja rektoren kvar skapet skal stå. For det eg forstår så er det ein rektor som står bak dette. Human etisk forbund appluderar og opptrer som nyttige idioter for ein annan relegion som eg ikkje treng nemna her. Store deler av resten av Norge lurar på kva som skjer på Voss. Ingen god reklame for Vossebygda og ein stor skam for Vossingane som let seg villeida av nokre forvirra rektorar.

KJELL SAGERØY

–Me er ikkje tvinga til å tru sjølv om me syng ein song som: Det lyser i stille grender eller høyrer nokon les truvedkjeninga.

HELGA EKEHAUG

– Å gå rundt jolatreet er neimen meg ikkje ein kristen skikk.

GORDON FREEMAN

– Vi feira jul i dette landet lenge før noen visste hvem Jesus var...

ELISABETH FJELLRO

Einig med Erna! JA til skulegudstjeneste!

SOLFRID VATNE DALE

Skolegudstjenestene er forkynnelse og splitter elevmassen. Begge deler er et problem i en fellesskole.

CHRISTIAN LOMSDALEN

– Tykkjer me skal sjå kva ordning som no kjem på plass.... Har tru på at dei kjem fram til gode planar som inkluderer både alle elevar, historie, religion og tradisjon!

ELIN SEIM



DELI: Før årsskiftet vert Esso Vossevangen bygd om til å husa Deli de Luca-butikk.

FOTO: KARL YSTANES

Esso vert Deli de Luca

VOSS: I desember byggjer Esso Vossevangen butikken om til Deli de Luca.

Etter planen vert det både bygging og opning før me går inn i 2017.

– Me held opningsdatoen litt tett til brystet enno, men det vert opning om ikkje mange vekene, seier driftsdirektør i Deli de Luca Norge AS, Marius Kristiansen.

Deli de Luca har fleire butikkar knytt til Esso-stasjonar rundt om i heile landet, og konseptet er bygd på ein idé om å selja gode opplevingar av mat og drikke. No kjem det altså ein butikk på Esso-stasjonen ved sida av Voss Kulturhus. Kristiansen fortel at årsaka til at Deli de Luca

no vert etablert på Voss, er at Esso-butikken i Evangervegen driv bra.

– Den har eit godt marknadsgrunnlag, og å innføra konseptet vårt meiner me vil lyfta butikken ytterlegare, seier driftsdirektøren.

Samarbeidet mellom Esso og Deli de Luca starta då Norges-Gruppen Servicehandel i desember 2015 kjøpte opp Tiger AS, som er driftsselskapet til Esso-butikkane.

Kristiansen fortel at dei vil introdusera vossingane for fleire nye produkt.

– Me gler oss veldig, seier Marius Kristiansen.

INGVILD SIGLEN BERGER | tekst
isb@avisa-hordaland.no

Full støtte til langtunnel i Nærøydalen

VOSS: Eit samla Voss kommunestyre tilrådde torsdag detaljplanen for ny E16 i Nærøydalen, basert på langtunell frå Hylland til Sleen.

Tunellen vert 6,3 km lang og i tillegg skal det byggjast 850 meter ny veg i dagen, opplyste saksordførar Lillian Rogne (MDG).

– Prosjektet er likevel rassikring, fyrst og fremst, då det har gått 40 ras på strekkja her berre dei 15 siste åra!

1,7 milliardar

I den påfylgjande debatten vedgjekk Rogne at ho møtte seg sjølv litt i døra i denne saka, då partiet hennar, Dei Grøne, i prinsippet er motstandar av nye vegprosjekt. – Partiet mitt ynskjer heller opprusting av eksisterande vegar. Men her er dét ikkje noko alternativ, her lyt me ha vegen i tunell, slo ho fast.

Det mest problematiske i saka var uansett den millionen kubikkmeter med steinmasse tunellprosjektet vil skapa. Og sidan austsida av tunellen ligg i verdsarvområdet, lyt all deponeringa

skje på vossasida, ved Sleen, gjorde ho klart.

Prosjektet er elles kostnadsrekna til 1,7 milliardar kroner, og planlagt oppstartingsår er 2018.

Vidareføring?

– Saka er eit viktig rassikringsprosjekt, men òg ei viktig sak for lokalsamfunnet, understreka Arne Gilbakken (Sp) i debatten.

– For me som bur på Stronde vegar. I den samanheng er det òg viktig å gje signal om at vegbygginga vidare mot vest bør påskundast. Ingen grunn til å stogga vegbygginga på Sleen, syntest Gilbakken.

Ein del av kommunestyredebatten dreia seg elles om kva som var verst, med tanke på steindeponi, matjord eller myr. Ikkje minst fordi myr også har stor evne til å binda opp CO2. Det var likevel ikkje fleirtal for å seia noko om dette i vedtaket.

ROLF TEPSTAD | tekst
rte@avisa-hordaland.no

No manar besteforeldre til klimaaksjon

VOSS: 22. november arrangerer Besteforeldrene sin klimaaksjon i Hordaland kampanjen «Klimadugnad – Vil du vera tilskodar eller deltakar?» på Voss.

– Me kallar det ein handlingskampanje og vil freista å gjera noko med den avmaktskjensla mange har i høve til klimaproblema, seier Thelma Kraft, fylkesleiar for Besteforeldra sin klimaaksjon i Hordaland.

Difor kjem organisasjonen no til Voss, og fyrst skal dei stå på stand på Amfi-senteret om ettermiddagen 22. november. Der vil også Voss Naturvernlag vera til stades.

Klimakamp

Arrangørane har Paris-avtalen som utgangspunkt.

– Me er inspirerte av Paris-avtalen, som understrekar at folk skal ha tilgang til informasjon om klima og vera aktsame, seier Kraft.

Ho er overtydd om at klimakampen ikkje kan vinnast utan folkeleg og lokalt engasjement.

– Me tenkjer at me besteforeldre nyt respekt og har betre tid enn dei som er i full jobb, så me kan prata med folk om kva me sjølve kan gjera og kva som må til av politiske endringar, fortel fylkesleiar.

Appell frå Hauge

På Voss vil mellom andre varaordførar Sigbjørn Hauge og diakon Sigrid Djukastein Mala halda apellar.

– Me ynskjer mellom anna å få fram kor viktig lokalt engasjement og gode lokale klimatiltak er. Me er ein landsomfattande organisasjon som har som overordna mål at barneborna våre og framtidige generasjonar kan arva ei jord i betre økologisk balanse. Det er eit hårete mål, slik det ser ut i dag, seier fylkesleiar.

Difor vil dei utfordra både andre frivillige organisasjonar, lokalt næringsliv, politikarar, skular, lokalt kulturliv og kyrkja.

– Det viktige spørsmålet er: Vil du vera tilskodar eller deltakar? seier Kraft.

Støtta av fylkeskommunen

På eit ope folkemøte på biblioteket same kveld, vil prof. Helge Drange frå Geophysical Institute & Bjerknes Centre, Universitet i Bergen og Per Hjalmar Svae, siløkonom og forfattar, halda føredrag om klimautfordringa.

Kampanjen er støtta av fylkeskommunen, og gjennom aksjonen vitjar arrangørane eit titals kommunar i Hordaland for å mobilisera til ein ekstrainnsats for klima og miljø.

INGVILD SIGLEN BERGER | tekst
isb@avisa-hordaland.no

HORDALAND PÅ INTERNETT
www.avisa-hordaland.no